



Høringsnotat om endringar i forskrift om inntak/formidling og inntaksmatrisa

17. mars 2023

Innhald

Generelt om bakgrunnen for forslaga	4
Historikk og heimel	4
Behovet for endringar	4
Gjennomgang og grunngiving av forslaga.....	5
Generelt og språklege endringar	5
Kjøp av skuleplass i andre fylke	5
Kor mange programråde søkarar kan prioritere i inntaket	6
Oppflytting frå Vg1 til Vg2 – studieførebuande utdanningsprogram	6
Oppflyttingsrett for treårige yrkesfaglege løp med studiekompetanse.....	7
Inntak til Vg1 musikk, dans og drama.....	8
Inntak til Vg1 idrettsfag	8
Inntak til yrkesfaglege utdanningsløp som leier fram til yrkes- og studiekompetanse	8
Inntak av elevar med rett til spesialundervisning m.m.	9
Permisjon frå vidaregåande opplæring.....	9
Flytting	10
Bruk av retten til vidaregåande opplæring.....	12
Inntak av søkarar busette i andre fylke (gjesteelevar)	12
Inntak til pre-IB	12
Inntak til IB.....	13
Inntak til vidaregåande opplæring for vaksne	15
Tilbod om spissa toppidrett	15
Formidling til læreplass	16
Ikraftsetjing.....	17
Evaluering av inntaksmatrisa.....	18
Endringar 16. februar 2023.....	18

Vurderingar frå evalueringa	18
Forslag til lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass.....	20
Kapittel 1. Innleiande føresegn.....	20
Kapittel 2. Inntak	20
Kapittel 3. Inntak til IB	25
Kapittel 4. Inntak til vidaregåande opplæring for vaksne	26
Kapittel 5. Tilbod om spissa toppidrett.....	26
Kapittel 6. Formidling.....	27
Kapittel 7. Felles føresegner.....	28

Generelt om bakgrunnen for forslaga

Historikk og heimel

Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass vart vedtatt av fylkestinget 29. september 2020, og har også blitt justert i ettertid. Fylkeskommunen er etter forskrift til opplæringslova (sentral forskrift) pliktig til å ha forskrift om inntak og formidling. Den sentrale forskrifta heimlar lokal forskrift, og set saman med opplæringslova rammer for innhaldet.

Det er fastsett at lokal forskrift «skal innehalde reglar om korleis inntaket vil bli gjennomført, mellom anna inntaksområde, kva for utdanningsprogram eller programområde det er fastsett særskilde inntakskrav for, og korleis inntaket elles skal gjennomførast», jf. [sentral forskrift § 6-2](#). Lokal forskrift skal også «innehalde reglar om inntak til landslinjer og dei statlege vidaregåande skolane». Fylkeskommunen «kan» òg «regulere inntaket av gjesteelevar nærare», jf. [sentral forskrift § 6-4](#). I tillegg «skal» fylkeskommunen fastsette «lokal forskrift om formidling», jf. [sentral forskrift § 6A-2](#). Dei lokale forskriftene om inntak og formidling kan vere den same forskrifta.

Etter sentral forskrift er inntaket karakterbasert, og søkarane konkurrerer seg inn. Nokre søkarar har av ulike grunnar fortrinnsrett i inntaket eller rett til individuell behandling av søknaden. På Vg1 har søkarar med rett til vidaregåande opplæring rett til inntak til eit av tre valde utdanningsprogram, jf. [sentral forskrift § 6-14](#). På Vg2 har desse rett til inntak på eit programområde innanfor det utdanningsprogrammet dei har gjennomgått, og på Vg3 til inntak på eit programområde som bygger på programområdet frå Vg2, jf. [sentral forskrift § 6-29](#).

I den lokale forskrifta er det vedtatt at inntaket er geografisk styrt basert på nærskule-/inntaksområde. Dei som søker på skular innanfor sitt område får inntaksområdepoeng, samstundes som det er opent for å søke i heile fylket. Det er utarbeidd ei inntaksmatrise med åtte inntaksområde som viser kva kommunar og eventuelt postnummer som får inntaksområdepoeng. Denne vart også vedtatt 29. september 2020, med seinare justeringar. Nokre utdanningstilbod er unntatt frå ordninga. Om inntaksområdet ikkje har ønskt utdanningsprogram, får søkaren inntaksområdepoeng til alle skulane som har tilbodet. Vidare inneheld lokal forskrift andre utfyllande reglar til inntaket og formidlinga.

Behovet for endringar

Fylkestinget har vedtatt at inntaksmatrisa skal evaluerast kontinuerleg, slik at eventuelle utsiltikta og negative konsekvensar kan rettast snarast mogleg. Fylkeskommunen har ei pågåande evaluering der ein vurderer moglege endringar. Praktiseringa av forskrifta har også vist behovet for presiseringar og tillegg. Det er viktig at lokal forskrift ikkje strir mot føresegnar i opplæringslova eller sentral forskrift, og at lokal forskrift er mest mogleg føreseieleg og forståeleg for både elevar/lærlingar m.m. og andre.

Ny opplæringslov er planlagt innført frå skuleåret 2024/2025. Det vil då også kome endringar i den sentrale forskrifta. Det er likevel formålstenleg å gjere naudsynte endringar no, sjølv om nytt kommande regelverk òg kan krevje nye justeringar i lokal forskrift.

Gjennomgang og grunngiving av forslaga

Generelt og språklege endringar

Høyringsnotatet går kronologisk gjennom forslaga til endringar, og vil i avgrensa grad kommentere føresegner det ikkje er foreslått endringar i. Fullstendig forslag til endra forskrift begynner på side 20. For inntaksmatrisa er forslaget å vidareføre gjeldande matrise, sjå grunngiving frå side 18.

Avdelingsdirektøren vil som eit utgangspunkt ikkje nemne mindre språklege endringar. Vi nemner likevel at «nærskulepoeng» i forskrifta (og inntaksmatrisa) blir foreslått endra til «inntaksområdepoeng». Fylkestinget gjorde 14. desember 2021 vedtak om at omgrepet «nærskuleområde» vart endra til «inntaksområde», og at den skjematiske fordelinga mellom skulane og inntaksområda vart kalla «inntaksmatrise». Slik at det blir betre samanheng mellom omgrepa, ser avdelingsdirektøren det som naturleg å òg justere «nærskulepoeng» til «inntaksområdepoeng».

Det er òg opent for å gi innspel på tema og til føresegner som ikkje er omtalt i høyringsnotatet.

Kjøp av skuleplass i andre fylke

Kjøp av skuleplass for programområde fylkeskommunen ikkje har

Om ein søkar ønsker eit programområde som Vestland fylkeskommune ikkje har tilbod om, kan fylkeskommunen etter dagens § 2 nr. 4 kjøpe skuleplass i andre fylke. Dette gjeld berre søkarar med ungdomsrett. Det blir foreslått å presisere at søkaren må ha det aktuelle programområdet som sitt førsteønske. Dette er allereie praksis og ein ønsker å gjere dette tydelegare for søkarane. Sidan dette berre gjeld programområde Vestland fylkeskommune ikkje har, gjeld det eit fåtal søkarar. For desse kan moglegheita vere viktig for å kunne fortsette utdanninga si innanfor ønskt programområde.

Denne søkargruppa kan òg søke seg inn som gjesteelevar, sjå gjennomgang under. Vi foreslår likevel å oppretthalde ordninga. I nokre tilfelle kan det vere meir sannsynleg at det er mogleg å kjøpe plass enn at søkarar klarar å konkurrere seg inn som gjesteelevar. Ordninga mogleggjer at elevar busette i Vestland kan nyttiggjere seg av faglege tilbod i andre fylke, og inneber ikkje noko vurdering utover å konstatere at søkaren ønsker eit programområdet som ikkje finst innanfor Vestland fylke.

Kjøp av skuleplass pga. tungtvegande grunnar

Når det gjeld andre søknadstilfelle, står det i no gjeldande § 2 nr. 6 at fylkeskommunen kan kjøpe skuleplass i andre fylke etter ei individuell vurdering, dersom det er tungtvegande grunnar for det. Dette gjeld søkarar med ungdomsrett.

Sentral forskrift vart frå 1. januar 2017 endra slik at søkarar med ungdomsrett fritt kan søke om inntak som gjesteelev i heile landet. Vertsfylkeskommunen er pliktig til å ta søkaren inn dersom det er ledig kapasitet, etter at søkarar busette i fylket har fått tilbod, jf. [sentral forskrift § 6-4](#). Søkarar som kan dokumentere «særlege pedagogiske eller sosiale grunnar for å gå på skole i eit anna fylke», får status som prioriterte gjesteelevar, jf. [sentral forskrift § 6-4 sjetta avsnitt](#). I inntaket blir desse prioritert etter søkarar busette i fylket, men før ordinære gjesteelevar. Vertsfylkeskommunen avgjer om ein søkar oppfyller vilkåra for prioriterte gjesteelevar.

På grunn av endringane har lokal forskrift § 2 nr. 6 fått lågare aktualitet, spesielt etter kvart som

fylkeskommunane har innarbeida endringane. Prioriterte gjesteelevar vil kunne dekke den same gruppa som det har vore aktuelt å kjøpe skuleplass til. Avdelingsdirektøren vurderer at det er formålstenleg å kanalisere desse inn til å søke som prioriterte gjesteelevar. Ein kan då òg i større grad hindre to separate spor der søkarar både søker til Vestland fylkeskommune om kjøp av plass, og samstundes søker som prioritert gjesteelev i eit anna fylke. Vurderingar av «tungtvegande grunnar» kan vere tidkrevjande og har blitt praktisert strengt. Vurderinga skal munne ut i eit enkeltvedtak med påfølgande krav til grunngiving, opplysning av saka og klagerett. Også dersom vilkåret blir vurdert som oppfylt er det ikkje utan vidare slik at den eventuelle vertsfylkeskommunen kan eller ønsker å selje skuleplass. Dagens regel kan skape forventningar for søkarar som det ikkje alltid er mogleg å oppfylle. For søkarar kan det òg vere krevjande å få tilbakemelding om at grunnane som vart oppgitt som bakgrunnen for søknaden, ikkje var vektige nok for å få tilbod om kjøp av plass.

Sentral forskrift regulerer korleis søknadsprosessen for gjesteelevar skal vere og har òg fastsette reglar for refusjon, jf. [sentral forskrift § 19-4](#). Dette gir ein føreseieleg prosess både i Vestland fylkeskommune og andre fylke. Samla sett blir det difor foreslått å ta ut nojeldande § 2 nr. 6 frå den lokale forskrifta. Vi ønsker tilbakemeldingar på dette frå høyringsinstansane.

Kor mange programråde søkarar kan prioritere i inntaket

Det blir foreslått ei retting i § 4 nr. 1, som gjeld inntaket til Vg2 og Vg3. Det står her at søkarar i inntaket kan prioritere inntil tre programområde. Det stemmer ikkje at det er ei grense på tre, og er difor retta i forslaget til endra lokal forskrift.

Oppflytting frå Vg1 til Vg2 – studieførebuande utdanningsprogram

Elevar på Vg1 studieførebuande utdanningsprogram har etter lokal forskrift § 5 rett til å halde fram på Vg2/Vg3 ved den same skulen, dersom dei har bestått naudsynte fag etter læreplanverket og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er òg at dei søker om inntak påfølgande skuleår.

Det blir vurdert å fjerne oppflyttingsretten frå Vg1 til Vg2, og behalde retten frå Vg2 til Vg3. Dette ligg difor som forslag i ny § 5. På dette punktet er høyringsinstansane særleg bedne om å uttale seg. Når det gjeld oppflyttingsretten frå Vg2 til Vg3, er det naudsynt å halde fast ved denne av omsyn til programfag. Elevane vel programfag på Vg2 og Vg3, og programfaga kan variere mellom skulane. Gjennom å ha rett til oppflytting frå Vg2 studieførebuande program til Vg3 sikrar fylkeskommunen at elevane får riktig fagkombinasjon og godkjent vitnemål.

Når det gjeld rett til oppflytting frå Vg1 til Vg2 ved same skule i eit studieførebuande utdanningsprogram, foreslår avdelingsdirektøren at retten ikkje blir vidareført, og at søkarane med det konkurrerer på karakterpoeng og eventuelle inntaksområdepeng. Frå Vg1 til Vg2 har ein ikkje den same utfordringa med programfaga som frå Vg2 til Vg3.

Med nojeldande oppflyttingsrett frå Vg1 til Vg2 blir ein ståande utan eit verktøy for å justere tilbodet (tal skuleplassar) etter Vg1. Allereie på Vg1 er det ein viss overkapasitet av plassar på studieførebuande, og denne blir større på Vg2. Søknadsmassen til Vg2 studieførebuande har vist seg å vere uføreseieleg, noko som bidrar til å komplisere dimensjoneringsarbeidet. Ved inntak til skuleåret 2022/2023 var det 312 ledige plassar på Vg1 studieførebuande, 508 ledige plassar på Vg2 studieførebuande og 424 ledige plassar på Vg3 studieførebuande. Overkapasiteten heng altså igjen

frå andre til tredje året. Ved overgangen til Vg2 vel gjerne fleire å byte utdanningsprogram, søke seg til privatskulane, ta eit friår eller reise på utveksling. Med ein oppflyttingsrett er det i liten grad mogleg å justere tilbodet for å redusere overkapasiteten, og dermed òg sørge for betre ressursutnytting.

Dagens ordning er samstundes føreseieleg for elevane, sidan dei er sikra plass når dei først er komne inn på skulen. Dette kan gjere det lettare å bygge gode, stabile klasse miljø, i tillegg til at karakterpresset kan bli noko mindre. Vidare er ordninga fordelaktig på grunn av framandspråk. Elevar som ikkje har hatt framandspråk på grunnskulenivå eller som begynner på et nytt framandspråk på Vg1, må ta både nivå I (Vg1 og Vg2) og nivå II (Vg3) i faget. Brorparten av elevane har hatt framandspråk i grunnskulen og ønsker å fortsette med det same, og dette vil difor gjelde ei lita gruppe. Sidan dei fleste Vg1-elevar begynner på nivå II, tilbyr skulane ofte berre nivå I eit framandspråk. Elevar som til dømes har tatt spansk I på Vg1, er avhengige av å fortsette på same nivå på Vg2, framfor ein skule som tilbyr tysk I. Dette er ikkje på same måte utfordrande for elevar som har hatt framandspråk i grunnskulen, sjølv om dei begynner på Vg1 med nivå II og fortset med det på Vg2. Sidan sistnemnde gruppe er større, tilbyr som regel skulane nivå II i fleire framandspråk.

Som vurderingane viser er det argument i både retningar. Forslaget § 5 er formulert med ein oppflyttingsrett frå Vg2 til Vg3. Det vil potensielt ha negative konsekvensar for eit mindretal elevar, men mogleggjer betre tilpassing av tilboda på studieførebuande Vg2 og Vg3, og dermed reduksjon i overkapasitet og frigjering av ressursar. Alternativt kan ein halde fram med føreseigna som gjeld no.

Oppflyttingsrett for treårige yrkesfaglege løp med studiekompetanse

Det blir foreslått å innføre ein rett til oppflytting til Vg2 og Vg3, for elevar som går på [treårige yrkesfaglege løp med studiekompetanse](#).¹ Dette gjeld følgande tilbod:

- Treårig helse- og oppvekstfag med studiekompetanse
- Treårig elektrofag med spesiell studiekompetanse

Treårig helse- og oppvekstfag med studiekompetanse er for elevar som ønsker eit praksisretta løp innanfor helse- og oppvekst, og samstundes få studiekompetanse. Elevane går ikkje ut i lære og løpet er til dømes aktuelt for elevar som ser for seg å ta høgare utdanning innanfor helse- og oppvekstsektoren. Tilbodet finst på Nordahl Grieg vgs., Olsvikåsen vgs. og [Fyllingsdalen vgs.](#), og skal opprettast på to skular til. Det har vore tilfelle der elevar som er tatt inn til Vg1 ikkje klarer å konkurrere seg inn alle tre åra. Sidan det er relativt få skular som har tilbodet er det for elevgruppa avgrensa med alternativ. Avdelingsdirektøren ønsker å innføre ein oppflyttingsrett for å sikre at elevar som er tatt inn på Vg1, får fullføre alle tre åra dersom dei ønsker det, jf. forslaget § 6. Føresetnaden er at ein har bestått alle faga som er fastsette i læreplanverket og søker påfølgande år som fulltidselev.

Det blir òg foreslått å innføre ein oppflyttingsrett for treårig elektrofag med spesiell studiekompetanse. Dette er eit [tilbod på Laksevåg og Bergen maritime vgs.](#)², til dømes for elevar som ser for seg å bli ingeniør. Ein har ikkje her sett dei same utfordringane med at elevar som er tatt inn ikkje klarer å konkurrere seg inn seinare skuleår. For å vere sikra mot utfordringa er det likevel formålstenleg med ein tilsvarande oppflyttingsrett. Føresetnaden er at eleven har bestått alle faga

¹ <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/inntak/spesielle-skuletilbod/>

² <https://www.lbm.vgs.no/utdanningsprogram/vare-utdanningsprogram/elektro-og-datateknologi/>

som er fastsette i læreplanverket og søker om inntak påfølgande år som fulltidselev, jf. forslaget § 7.

Inntak til Vg1 musikk, dans og drama

I nojeldande § 7 står det at inntil 50 % av «søklarane» kan takast inn på musikk, dans og drama på grunnlag av ei ferdigheitsprøve, i tillegg til karakterpoeng. Dette er foreslått justert til at inntil 50 % av «plassane i utdanningsprogrammet kan tildelast på grunnlag av ei ferdigheitsprøve», i tillegg til karakterpoeng. Oppdateringa er ønska for å samsvare med [sentral forskrift § 6-11](#). Det er sentral forskrift som set grensene for kor mange skuleplassar som kan tildelast etter ei ferdigheitsprøve.

Avdelingsdirektøren foreslår òg å tydeleggjere kva skalaen for tilleggspoenga er, og at det berre blir arrangert ferdigheitsprøver når det er mange søkarar. Denne informasjonen står i [søkarhandboka](#), og bør kome fram direkte i lokal forskrift. Det blir gitt 3 tilleggspoeng dersom søkaren viser dugleik utover gjennomsnittet, og 6 tilleggspoeng om hen viser dugleik som vidarekomen og har eit stort potensiale. Søkaren får 9 tilleggspoeng dersom hen viser framifrå dugleik og har eit uvanleg stort potensiale.

I dagens § 7 står det elles at tilleggspoenga «kjem i tillegg til karakterpoeng og eventuelle nærskulepoeng». Utdanningsprogrammet er unntatt frå inntaksområda, og det kan vere misvisande å vise til «eventuelle nærskulepoeng». Det er difor foreslått å fjerne denne tilvisinga, jf. forslaget § 8. Om det seinare blir gjort endringar slik at utdanningsprogrammet likevel blir omfatta, vil fylkeskommunen måtte oppdatere føresegna tilsvarande.

Inntak til Vg1 idrettsfag

På same måte som for inntaket til Vg1 musikk, dans og drama, er det foreslått justeringar i dagens § 8 om inntak til Vg1 idrettsfag. Også her må ordlyden justerast til å gjelde at inntil 50 % av «plassane i utdanningsprogrammet kan tildelast» på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter, i tillegg til karakterpoeng. Dette vil samsvare med [sentral forskrift § 6-11](#).

Avdelingsdirektøren ønsker også å få fram kva skalaen for tilleggspoeng er. Søkarar på regionalt nivå får 3 tilleggspoeng, landslagsnivå 6 tilleggspoeng og internasjonalt nivå 9 tilleggspoeng. Inntaket til utdanningsprogrammet idrettsfag er òg unntatt frå inntaksområda, og det kan vere misvisande å vise til at søkarar kan få «eventuelle nærskulepoeng». Tilvisinga er foreslått tatt bort, jf. forslaget § 9. Om det seinare blir gjort endringar slik at utdanningsprogrammet likevel blir omfatta, vil fylkeskommunen måtte oppdatere føresegna tilsvarande.

Inntak til yrkesfaglege utdanningsløp som leier fram til yrkes- og studiekompetanse

Nogjeldande § 10 gjeld inntak etter YSK-modellen (tidlegare TAF), der elevane/lærlingane etter fire år får både studiekompetanse og fagbrev. Dette er eit tilbod på Knarvik vgs., Fusa vgs. og Måløy vgs. Det blir foreslått å byte om på rekkefølga av «karakterpoeng» og «intervju i bedrift». Dette er ikkje ei innhaldsmessig endring, men kan i noko større grad framheve at det er intervju i bedrift som er sentralt for inntaket. Det er fylkeskommunen som gir inntak, samstundes som føresetnaden for inntaket er at bedriftene ønsker å tilby kontrakt. I samsvar med nojeldande praksis blir det òg foreslått å presisere i ny § 12 at søkarane må ha tilbodet som sitt førsteønske. I tillegg blir det

foreslått at fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar.

Inntak av elevar med rett til spesialundervisning m.m.

Avdelingsdirektøren foreslår også å ta ut dagens § 11, som gjeld inntak av elevar med rett til spesialundervisning, og som har sterkt nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne. Desse søkarane kan ved tungtvegande grunnar takast inn til ein bestemt skule. Dette inntaket blir regulert direkte i [sentral forskrift § 6-17](#), og den lokale reguleringa har ikkje tillegg som utfyller den sentrale føresegna. Det er då overflødig å ha ei føresegn om dette i den lokale forskrifta. [Sentral forskrift § 6-17](#) gjeld inntaket til Vg1, men tilsvarande regel for inntaket til Vg2 og Vg3 finst i [sentral forskrift § 6-30](#).

Eit anna argument er at det er fleire andre inntaksreglar som kan gi fortrinnsrett, jf. sentral forskrift §§ 6-15 t.o.m. 6-19 og §§ 6-30 t.o.m. 6-32. Det er då unaturleg å berre ha ein av desse fortrinnsreglane i lokal forskrift, sidan det ikkje gir eit fullstendig bilete av inntaksgrunnlaga. Det å ta bort dagens § 11 frå den lokale forskrifta inneber ikkje ei realitetsending av inntaket.

Permisjon frå vidaregåande opplæring

Når det gjeld permisjon foreslår avdelingsdirektøren å utvide personkretsen for kven som kan søke om permisjon. Ifølge lokal forskrift er dette no avgrensa til å gjelde elevar med ungdomsrett. Dette gjer at elevar som ikkje har ungdomsrett, men som likevel er tatt inn med elevstatus, ikkje kan søke om permisjon dersom det oppstår situasjonar der dei kan ha behov for det. I forslaget § 13 nr. 1 er avgrensinga til elevar som har ungdomsrett fjerna. Ved innvilga permisjon vil elevar med ungdomsrett ikkje bruke av retten til vidaregåande opplæring. Det er òg presisert at elevar som har søkt om permisjon og fått dette innvilga, på vanleg måte må søke om inntak for etterfølgande skuleår. Dette er no gjeldande praksis, og avdelingsdirektøren ønsker at det kjem fram i den lokale forskrifta.

I forslaget § 13 nr. 2 er det foreslått å presisere at permisjonsåtgangen ikkje gjeld for gjesteelevar. Gjesteelevar er busette i andre fylke, og må søke seg inn kvart år. Dette følger direkte av [sentral forskrift § 6-4](#), om at «[s]økjaren må søkje om inntak til kvart opplæringsår». Dette gjeld både prioriterte- og ordinære gjesteelevar. Fylkeskommunen skal ta dei inn dersom det er ledig kapasitet, om retten til vidaregåande opplæring oppfyllast for søkarar busette i fylket. Kapasiteten på enkelttilbod vil variere frå år til år. Sidan ein eventuell reservasjon av plass vil kunne gå på kostnad av lokale elevar som søker seg inn, har ein sett dette som problematisk. Ein gjesteelev som kjem inn eit år er ikkje garantert å få fortsette i fylket/ved den same skulen skuleåret etter.

Eit anna poeng er at gjesteelevar har rettar i heimfylket. Det er heimfylkeskommunen som har ansvar for å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for alle som er «busette» i fylket, jf. [opplæringslova § 13-3](#). Det er òg då heimfylket som eventuelt kan gi permisjon. Moglegheita til permisjon frå vidaregåande opplæring er ikkje heimla i opplæringslova eller sentral forskrift. Dette er ordningar dei einskilde fylka eventuelt har opna for, som eit tillegg til det sentrale regelverket, med lokalt formulerte vilkår for når ein kan få permisjon. Vestland fylke kan etter lokal forskrift vurdere at elevar i gitte tilfelle kan få permisjon, og at dei (som har ungdomsrett) då ikkje har brukt av retten sin. Den same vurderinga kan ikkje fylkeskommunen gjere for elevar heimehøyrande i andre fylke, sidan det legg band på vurderingar som ligg til heimfylket. Avdelingsdirektøren vil òg nemne at intensjonen også tidlegare har vore at permisjonsåtgangen ikkje skal gjelde for gjesteelevar. Dette kjem dessverre ikkje no tydeleg fram i lokal forskrift, og det blir foreslått ei uttrykkeleg tilvising til at føresegna ikkje gjeld

gjesteelevar. Det blir òg foreslått ei ny føresegn om inntaket av gjesteelevar, jf. side 12.

Flytting

I nojgeldande § 17 om flytting, ny § 18, blir det foreslått nokre justeringar. Dagens § 17:

«§ 17. Flytting

(1) For å bli vurdert for rett til inntak til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune må flytting vere meldt til folkeregisteret innan 1. mars.

(2) Søkjarar som flytter til Vestland fylke etter 1. mars, kan bli vurdert for rett til inntak til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune dersom det ligg føre særlege årsaker. Søkjarar som flytter til Vestland fylke saman med familien sin kjem inn under omgrepet særlege årsaker.

Etter [sentral forskrift § 19-2](#) er heimfylket til ein elev der eleven er registrert som busett per 1. januar det året kurset tar til. Dei fleste fylka, inkludert Vestland, praktiserer dette meir lempeleg, og reknar søkarar som busette i fylket så lenge dei er folkeregistrert innan 1. mars. Dette samsvarar med den ordinære søknadsfristen. Fylka skal ta omsyn til søknader som kjem inn for seint «så langt råd er», og skal regulere dette i den lokale forskrifta, jf. [sentral forskrift § 6-8](#).

Både Vestland og fleire andre fylke har gitt inntak til søkarar som har søkt etter 1. mars, så lenge søkaren kan dokumentere at hen skal flytte saman med/til familien sin. Avdelingsdirektøren har sett at dette kan opplevast som urimeleg for eit fåtal søkarar, særleg eldre søkarar som framleis har ungdomsrett og som til dømes flyttar til Vestland saman med kjæraste/sambuar som skal studere eller jobbe. Ønsket har difor vore å utvide ordninga til å også gjelde flyttarar med kjæraste/sambuar.

Tidleg i 2023 vart fylkeskommunen gjort merksam på dialog mellom Oslo kommune og statlege instansar om ei tolkingsendring. Spørsmålet frå Utdanningsdirektoratet til Kunnskapsdepartementet var om fylkeskommunane kan fastsette i inntaksreglementet at ungdommar som flyttar åleine til eit anna fylke ikkje kan få inntak, samstundes som dei som flyttar med/til foreldre kan få inntak. Direktoratet viste til [sentral forskrift § 6-9](#), der det heiter at «[s]økjarar som planlegg å flytte og kan dokumentere dette, sender søknaden til tilflyttingsfylket». Med dette som grunnlag konkluderte direktoratet med at søkarar som skal flytte og som kan dokumentere det, stiller på lik linje med søkarar som er folkeregistrert i tilflyttingsfylket, når søknaden er sendt innan søknadsfristen. For slike søkarar vil fylkeskommunen ha plikt til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring. I brev 27. oktober 2022 stilte departementet seg bak tolkinga, «i hvert fall for de som søker innen søknadsfristen». Tolkinga gjeld til tross for den nemnde føresegna i [sentral forskrift § 19-2](#).

Oslo kommune har gitt uttrykk for at endringa for dei kan vere utfordrande, sidan mange kan ha eit ønske om skuleplass i Oslo heller enn eit ønske om å busette seg der. Det har blitt stilt spørsmål ved om endringa kan fortrenge søkarar som er busette i fylka og i praksis fører til fritt skuleval. Eit spørsmål for fylkeskommunane blir då òg om ein som konsekvens må vere mindre lempeleg med å gi inntak til flyttarar som søker etter ordinær søknadsfrist (1. mars), og heller ha 1. mars som en absolutt søknadsfrist for flyttarar. Grunngevinga for at ein har vore lempeleg, har vore eit ønske om at dei som flyttar med/til foreldre ikkje skal måtte risikere å utsette skulegangen til påfølgande skuleår. Søkjarar med foreldre som til dømes må flytte til Vestland pga. jobb, eller søkarar som må flytte til den andre

forelderen, veit ikkje alltid dette i tide før søknadsfristen. Åleineflyttarar er i mindre grad prisgitt eksterne tilhøve, og kan i større grad forventast å søke innan fristen. Ein kan ikkje nødvendigvis dokumentere planlagt flytting innan same frist, noko som heller ikkje har vore kravet i Vestland. Flyttarar med/til foreldre har måtta sende dokumentasjon innan 23. juni for å kome med i første inntakssomgang, jf. no gjeldande forskrift § 17 nr. 3.

Slik avdelingsdirektøren ser det, er eit av dei mest aktuelle alternativa å fortsette gjeldande praksis når det gjeld dei som flyttar med/til foreldre, men opne for at dette gjeld alle flyttarar. Dette er difor foreslått i ny § 18. Ein vil då framleis ta omsyn til livssituasjonen til søkarane og unngå at dei må vente på skuleplass til påfølgande skuleår, samstundes som ein behandlar andre som flyttar likt. I så tilfelle vil dette gjelde både flyttarar med/til foreldre, åleineflyttarar og dei som flyttar med kjæraste/sambuar.

Ei slik ordning vil ikkje utan vidare få same konsekvensar som ein kan sjå for seg i Oslo. Søkarane vil måtte dokumentere flyttinga, til dømes med ei stadfesting av bustadkjøp, husleige- eller arbeidskontrakt. Alle søkarar, inkludert åleineflyttarar, må difor dokumentere at den planlagde flyttinga er reell, også før søkaren har fått svar på om hen får ønskt skuleplass. Det blir foreslått at 23. juni er frist for å ha dokumentert flyttinga. Denne fristen samsvarar med noverande frist i både Rogaland og Oslo, og søkarane vil då kunne kome med i første inntakssomgang. Det blir òg foreslått at fylkeskommunen skal kunne gi utfyllande reglar om kva som dokumenterer flytting. For dei som flyttar med/til foreldra er det per i dag informasjon om dokumentasjon i [søkarhandboka side 15](#)³.

Eit anna alternativ er å avgrense ordninga til flyttarar som søker innan søknadsfristen 1. mars, med 23. juni som frist for dokumentasjon. Det er ønskeleg om høyringsinstansane uttaler seg om alternativa.

Eit anna forslag til endringar i ny § 18, gjeld ein overeinskomst mellom dei nordiske landa om [eit utdanningsfellesskap i den vidaregåande skulen](#). Avtalen er mellom Danmark, Finland, Island, Norge og Sverige, og skal sikre at ungdom frå andre nordiske land får tilgang til vidaregåande opplæring på lik linje som eigne borgarar. Utdanningsdirektoratet har i [regelverkstolkning 3. august 2018](#) vist til at:

«For at nordiske borgere skal få sine rettigheter etter avtalen om nordisk utdanningsfellesskap på videregående-nivå oppfylt, skal de behandles på samme vilkår som landets egne innbyggere. I denne sammenheng må dette bety at de kan sende søknad om videregående opplæring til den fylkeskommunen der de kommer til å bo. Det forutsettes at søknad sendes innen søknadsfristen. Det vil være denne fylkeskommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til videregående opplæring, og som må vurdere om søkere fyller vilkårene etter kapittel 6 i forskrift til opplæringsloven. Et krav om at nordiske søkere må være folkeregistrert på tidspunktet for søknaden vil medføre at slike søkere ikke behandles på samme vilkår som egne innbyggere. Vi legger til grunn at det ikke kan stilles krav om folkeregistrering før ved skolestart. Elevene det gjelder vil da kunne dokumentere skoleplass i forbindelse med at de melder flytting».

Fylkeskommunen foreslår difor ein ny § 18 nr. 4, om at søkarar som omfattast av overeinskomst om nordisk utdanningsfellesskap, ikkje treng å vere folkeregistrert i Vestland innan 1. mars. Desse må likevel vere folkeregistrert ved skulestart. For at denne søkargruppa skal behandlast på same vilkår som norske borgarar, inkludert foreslått regulering i lokal forskrift om dei som flyttar etter

³ https://www.vestlandfylke.no/globalassets/utdanning-og-karriere/elev/inntak/sokjarhandboka_2023-2024.pdf

søknadsfristen, blir det likevel ikkje foreslått å ha krav om dei må søke innan 1. mars. Det er ikkje truleg at ny § 18 nr. 4 vil ha merkbare praktiske konsekvensar for Vestland fylkeskommune. Endringa er meint som ei presisering for å bringe lokal forskrift i tråd med den statlege avtalen som gjeld.

Bruk av retten til vidaregåande opplæring

Etter [sentral forskrift § 6-3](#) bruker ikkje elevar av ungdomsretten sin dersom opplæringa utgjer 1/3 eller mindre av timetalet frå eit utdanningsprogram eller eit programområde. Dette er inntatt i lokal forskrift § 18, mellom anna med eit tillegg om at fulltidselevar ikkje brukar av retten sin om dei sluttar før 1. november. Dette er basert på ein tommelfingerregel frå Utdanningsdirektoratet. Ein kan legge til grunn at elevar som sluttar før dette ikkje har brukt av ungdomsretten sin. Tommelfingerregelen har grunnlag i ei utrekning av eit normalt skuleår, med timetal og tal dagar. Det rettslege grunnlaget for regelen er samstundes at eleven då har fått opplæring i 1/3 eller mindre av totaltimetalet.

I no gjeldande § 18 står det at elevar ikkje brukar av retten sin om dei sluttar før 1. november. Om ein lesar føresegna motsetningsvis kan ein anta at elevane har brukt av retten sin om dei sluttar seinare. Det har dei likevel ikkje utan vidare, dersom fråværet har eit slikt omfang at dei kjem under regelen om 1/3, jf. [sentral forskrift § 6-3 andre avsnitt](#). Avdelingsdirektøren foreslår å presisere at elevar (fulltidselevar) «uansett ikkje» har brukt av retten om dei sluttar før 1. november. Elevar som sluttar etter dette, vil heller ikkje ha brukt av retten dersom omfanget av fråværet gjer at opplæringa har utgjort 1/3 eller mindre av timetalet, jf. forslaget § 19.

Inntak av søkarar busette i andre fylke (gjesteelevar)

I forslaget § 22 er det foreslått ei føresegn som viser til at inntaket av søkarar med ungdomsrett busette i andre fylke (gjesteelevar) følger [sentral forskrift § 6-4](#). Dette inneber ikkje anna enn å presisere det som er systemet/ordninga etter sentral lov/forskrift. Fylkeskommunen skal gi tilbod ved ledig kapasitet, etter å ha prioritert søkarar som er busette i Vestland fylkeskommune.

Inntak til pre-IB

Studiespesialisering med førebuande IB (pre-IB) på Vg1 er eit tilbod til elevar som vurderer å søke om inntak til International Baccalaureate (IB) etter Vg1 studiespesialisering. Pre-IB er ordinær Vg1 studiespesialisering der ein følger norske læreplanar og fagval. Mesteparten av undervisninga er på engelsk. På slutten av skuleåret kan elevane avgjere om dei vil begynne på IB-programmet (toårig), eller fortsette med norske læreplanar på ordinær Vg2 studiespesialisering.

Sidan ein følger norske læreplanar, er det nærliggande å rekne pre-IB som ein del av den offentlege tilbodsstrukturen, og at inntaket til tilbodet må vere i tråd med grensene i det sentrale regelverket. Inntakskrava er dei same som for andre tilbod og følger same prosess. Søkarar må ha «fullført norsk grunnskoleopplæring eller tilsvarande», jf. [sentral forskrift § 6-13](#). Dette kjem òg fram i no gjeldande § 21 nr. 1, tilsvarande i forslaget § 23 nr. 1.

Det følger no av § 21 nr. 2 at søkarar «må» ha minst karakteren 4 i matematikk og engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5. Avdelingsdirektøren foreslår å endre dette til bør-krav, slik at det er eit anbefalt karakternivå. Det er òg ønskeleg å presisere at søkarar bør ha tilstrekkeleg norskkompetanse til å kunne følge undervisninga. Det er den sentrale forskrifta som set grensene for

kva tilbod i den offentlege tilbodsstrukturen som eventuelt kan ha særlege inntakskrav, og vurderinga er at pre-IB tilbodet ikkje kan ha slike karakterkrav. Pre-IB er samstundes eit krevjande tilbod, og det er ønskeleg at anbefalt karakternivå kjem fram i lokal forskrift som rettleiing til søkerane.

I forslaget er føresegnene om pre-IB flytta frå kapittel 3 om inntak til IB, til kapittel 2 om det generelle inntaket. Dette tydeleggjer at inntaket til pre-IB følger dei same inntaksføresegnene som andre Vg1-tilbod, og skaper eit skilje til inntaket til IB.

Inntak til IB

International Baccalaureate Diploma Programme (IB) er eit kurs over to år med 2IB og 3IB, der ein følger internasjonale læreplanar. Undervisningsspråket er engelsk. Elevar med IB-diplom er ekstra godt førebudd til studiar på både norske og internasjonale universitet. IB finst på eit fåtal skular i Noreg. I Vestland fylkeskommune er det tilbod om IB ved Bergen Katedralskole.⁴ I Fjaler kommune er det òg eit privat tilbod gjennom UWC Red Cross Nordic.⁵

Tilbodet er ikkje ein del av den offentlege tilbodsstrukturen. Utdanningsdirektoratet har uttalt at det difor «er fylkeskommunen som avgjør hvordan inntaket til IB skal foregå».⁶ Fylkeskommunen står dermed meir fritt i å sette vilkår for inntaket og fastsette gjennomføringa. Det er ikkje krav om å regulere IB-inntaket i lokal forskrift, men skriftlege retningslinjer er anbefalt av direktoratet.

Inntaket til 2IB er no regulert i § 23. Det blir foreslått å justere kravet om minst karakteren 4 og 5 i matematikk og engelsk, til å vere ei anbefaling. Det blir òg foreslått å senke kravet om gjennomsnittskarakter til 4 frå 4,5. Forslaga har grunnlag i vurderingar av elevgruppa og kva ein ser dei treng for å kome seg gjennom. I tillegg er det ønskeleg å presisere at søkarar må ha minimum 10 års skulegang, og at dei ikkje allereie kan ha fullført vidaregåande opplæring. Om det er uklart at søkeren er kvalifisert kan søkarar etter dagens § 23 bli bedne om å ta ein opptaksprøve. Ein vil her presisere at søkarar òg kan bli bedne om å stille til intervju. Sjå forslaget til § 25.

Ved fleire søkarar enn plassar, er forslaget at ein konkurrerer etter karakterpoeng. Karakterar frå andre utdanningssystem med annan karakterskala blir rekna om etter ei lineær omrekning, der karakterane frå andre utdanningssystem blir vekta mot norsk karakterskala, sjå forslaget § 25. Omrekningsmåta er tilsvarande no gjeldande regel om inntak til pre-IB, sjå dagens § 22.

Inntaket til 3IB er regulert i dagens § 24:

«IB Diploma Programme er eit kurs over to år med 2IB og 3IB. Det er ikkje ordinært opptak til 3IB, og elevar som er tekne inn på 2IB, kan fortsetta på 3IB. Elevar frå andre IB Diploma Programme «transfer-students» kan søkje inntak til 3IB. Avgjerd om inntak vert teken etter individuell vurdering, der karakternivå og fagsamansetning er sentrale moment.»

⁴ <https://www.bergenkatedralskole.vgs.no/utdanningsprogram/vare-utdanningsprogram/international-baccalaureate-diploma-programme/>

⁵ <https://uwcrn.no/academics/diploma-programme/>

⁶ <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Inntak-til-videregaende-opplaring/Inntak-til-VG2-International-Baccalaureat/>

Avdelingsdirektøren foreslår å justere føresegna, slik at det òg er inntak til 3IB, sjå forslaget § 26. Til overgangen til ordinær Vg2 og Vg3 er det krav om at eleven har eit fagleg nivå som gjer det forsvarleg å fortsette på neste nivå. For inntaket til 3IB bør det vere ei tilsvarende grense. I ny § 26 blir det difor foreslått at eit vilkår for inntak til 3IB er at søkaren har bestått 2IB med minimum 20 poeng. IB har ein karakterskala frå 1 til 7, og elevane tar seks IB-fag. Høgaste moglege poengsum er 42, i tillegg til at elevane kan få tre tilleggspoeng. Eit krav om 20 poeng er nokså restriktivt. Til samanlikning set IB-systemet krav om minimum 24 poeng for å få IB-diplom, etter det toårige løpet.

For inntak av søkarar frå andre IB-tilbod («transfer students»), foreslår avdelingsdirektøren at inntaket blir vurdert individuelt. Her vil karakternivå og fagsamansetning vere sentrale moment. Det må takast atterhald om passende fagsamansetning, sidan det varierer mellom IB-tilboda kva fag elevane kan ta. Det er ikkje utan vidare mogleg for ein 2IB-elev frå eit anna tilbod, å ta 3IB i Vestland fylkeskommune.

Dersom det er fleire kvalifiserte søkarar enn plassar, er det foreslått i ny § 26 at søkarane konkurrerer med poeng frå 2IB. Kvalifiserte søkarar som har fullført 2IB i Vestland fylkeskommune, kjem likevel føre andre søkarar. Dette er ønskeleg for å sikre at kvalifiserte elevar som har fullført 2IB, får moglegheit til å òg fullføre 3IB ved Bergen Katedralskole.

Ei utfordring med inntaket til IB-tilbodet har vore å treffe målgruppa. Ved Bergen Katedralskole er det omtrent 40–45 plassar. Det har vore ønskeleg å tilby plassane til kvalifiserte elevar busette i Vestland, og tilflyttande elevar busette i andre fylke eller land, som flyttar med foreldre/føresette. Elevar som har flytta åleine til Vestland er overrepresentert blant dei som ikkje fullfører og består IB. IB-tilbodet er fagleg utfordrande, og ein ser viktigheita av at elevar har eit støttenettverk rundt seg. I skuleområdet er det òg fleire internasjonale arbeidsplassar som har behov for eit skuletilbod for ungdommane til engelskspråklege tilsette, som gjerne flyttar til landet for ein periode.

Nokre søkarar er busette i utlandet utan tilknytning til Noreg, og planlegg å flytte åleine eller til ein familievenn om dei får plass. Om dei får det, kan dei få opphaldsløyve gjennom å søke studieløyve⁷. Andre søkarar i utlandet har gjerne ei tilknytning til Noreg, t.d. gjennom norsk forelder og at dei sjølv har norsk statsborgarskap, men planlegg ikkje å flytte saman med foreldra/føresette.

Avdelingsdirektøren foreslår å tydeleggjere at IB-tilbodet gjeld for elevar folkeregistrert i Vestland per søknadsfristen 1. mars. Søkarar som flyttar til fylket etter dette saman med føresette, kan òg søke. Skuleplassen vil likevel ikkje vere sikra før søkaren har dokumentert at hen har flytta til fylket saman med føresette. Det blir foreslått at kravet om å flytte saman med føresette både gjeld søkarar busette i andre fylke, og søkarar busette i andre land. Sjå forslaget til § 27. Det blir òg vurdert om det er naudsynt å presisere at tilflyttarar må ha opphaldsløyve. Forslaget er no formulert utan eit slikt krav.

I § 27 nr. 4 er det foreslått at fylkeskommunen kan gi utfyllande retningslinjer om inntaksprosess og vilkår for inntak. Dette er for å heimle eventuelle naudsynte detaljar i inntaket, innanfor rammene som forskrifta elles set.

⁷ <https://www.udi.no/skal-soke/studier1/studier/#link-59>

Inntak til vidaregåande opplæring for vaksne

Lokal forskrift har ikkje reglar om inntaket til vidaregåande opplæring for vaksne. Det blir foreslått tre føresegner knytt til dette inntaket. I ny § 28 kjem det fram at det ikkje er søknadsfrist, i tråd med [sentral forskrift § 6-47](#). Søkaren bør likevel registrere søknaden innan 1. mars for tilbod med oppstart i august, og innan 1. november for tilbod med oppstart i januar. Dette er ein administrativ søknadsfrist som er satt av omsyn til saksbehandlinga. Søkarane er oppmoda til å søke innan desse fristane. Føresegna er i tråd med gjeldande praksis og informasjon på nettsidene til fylkeskommunen⁸.

Vidare er det i ny § 29 foreslått ei tilvising til inntaksrekkefølga i [sentral forskrift § 6-49](#), og ei avklaring av at søkarar innanfor dei ulike kategoriane vil bli prioritert etter dato for når søknaden var klar til sluttbehandling. Søknadane blir registrert i VIGO, og får ein dato basert på når søknaden vart registrert. Når søknaden blir registrert, er ikkje nødvendigvis all dokumentasjon klar eller lagt ved. RLT gir bistand med dette, og merkar søknaden som klar til sluttbehandling. Det er datoen for dette som praktiserast som teljande dato, og ein tilrår at det kjem fram i den lokale forskrifta.

Deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne har ikkje i forskrifta tilsvarande permisjonsåtgang som elevar, jf. dagens § 12. I praksis får dei likevel det, noko som er foreslått skriftleggjort i ny § 30. Deltakarar som må seie ifrå seg plassen i løpet av skuleåret, t.d. pga. langvarig sjukdom, svangerskap, militærteneste eller andre sosiale grunnar, kan søke om permisjon. Deltakaren vil kunne få reservert plassen til året etter ved same skule og tilbod. Det blir tatt atterhald om endringar i tilbodsstrukturen.

Tilbod om spissa toppidrett

Fleire av skulane i Vestland fylke har tilbod om spissa toppidrett, i samarbeid med Olympiatoppen Vest (OLTV). Tilbodet omfattar to skular med toppidrettslinje (Tertnes og Åsane vgs.), og seks skular med spissa status. Dette kan ein lese meir om på nettsidene til fylkeskommunen.⁹

Det varierer mellom skulane om tilbodet gjeld idrettsfag, studiespesialisering eller bygg- og anleggsteknikk. Av desse er det berre til idrettsfag ein etter sentral forskrift kan fordele inntil 50 % av plassane etter ferdigheiter eller inntaksprøve, jf. [sentral forskrift § 6-11](#). Dette var bakgrunnen for at ein frå skuleåret 2021/2022 valde å skilje inntaket (tilbodet om skuleplass) frå vurderinga av om ein søkar er kvalifisert til tilbodet om spissa toppidrett (ekstraoppfølging frå OLTV). Søkarar konkurrerer seg inn på ordinær måte, med karakterpoeng og eventuelle inntaksområdepoeng. OLTV gjer, på vegner av fylkeskommunen, ei vurdering av dei idrettsfaglege prestasjonane til søkarane og avgjer kven som er kvalifisert til å delta i toppidrettstilbodet. Kvalifiserte søkarar får då tilbod om spissa toppidrett under føresetnad av at dei konkurrerer seg inn til den aktuelle skuleplassen.

Vurderinga til avdelingsdirektøren er at ein bør presisere i lokal forskrift korleis inntaket blir gjort, og korleis elevar eventuelt kan få tilbod om spissa toppidrett. Det er viktig at systemet er føreseieleg og at ordninga har politisk forankring, samstundes som ein må finne ein balanse når det gjeld omfanget av informasjon i forskrifta. Det er òg ønskeleg å justere ordninga slik at det er fylkeskommunen som

⁸ <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/voksen/soknad-inntak-vo/>

⁹ <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/inntak/toppidrett-skulearet-20212022/>

avgjer kven som får tilbod om spissa toppidrett, etter anbefalingar frå OLTV.

I ny § 31 er det foreslått at inntaket blir gjennomført på ordinær måte, ved at søkaren konkurrerer seg inn på utdanningsprogrammet ved ønskt skule. Søkaren må ha den aktuelle skulen som førsteønske, og det må kome fram i søknaden om skuleplass at ein søker spissa toppidrett. Dette skjer i praksis ved at søkaren under «tilleggsopplysningar» haker av på at ein søker om spissa toppidrett gjennom OLTV. Søkaren fyller i tillegg ut eige søknadsskjema og sender til OLTV innan 1. mars.

Vidare vurderer OLTV dei idrettsfaglege prestasjonane til søkarane i samsvar med fylkeskommunale retningslinjer, og gir ei anbefaling om kvalifiserte søkarar. Fylkeskommunen har ein prosess der ein i samarbeid med OLTV ser på vurderinga av idrettsfaglege prestasjonar, og korleis prosessen kan bli meir etterprøvbar enn tidlegare. Ein vil utarbeide skriftlege retningslinjer/rutinar, og sikre at desse blir kommunisert ut til søkarane for ein transparent prosess. Etter forslaget § 31 nr. 3 er det fylkeskommunen som avgjer kven som får tilbod om spissa toppidrett, basert på anbefalinga frå OLTV. Eit slikt tilbod blir gitt under føresetnad av at søkaren får skuleplass ved skulen.

For søkarane som eventuelt ikkje får tilbod om spissa toppidrett er det ønskeleg at dei får moglegheit til å omprioritere søknaden om skuleplass. Dette er foreslått i ny § 32, og er allereie praksis.

Formidling til læreplass

I kapittelet om formidling blir det foreslått nokre justeringar, i hovudsak for å bringe føresegnene i samsvar med sentralt regelverk.

Nogjeldande §§ 28 nr. 2 og 29 nr. 2 omtaler krava for å vere kvalifisert for formidling eller for alternativ sluttopplæring Vg3 i skule. Det er her tilvisingar til [sentral forskrift § 3-48](#). Den sentrale føresegna gjeld direkte krava for å gå opp til fag-/sveineprøva. Det vil vere meir treffande med ei tilvising til [sentral forskrift § 6-A1](#), som direkte regulerer kva som skal til for å vere kvalifisert.

Når det gjeld lærlingar, må desse «mellom anna [...] ha bestått faga innanfor programområdet på Vg2 [...] for å kunne formidlast til Vg3, eller ha faglege føresetnader for å følgje opplæringsåret på neste nivå», jf. [sentral forskrift § 6A-1](#). Den sistnemnde delen om «faglege føresetnader» peiker på ei vurdering av om søkaren har eit tilstrekkeleg fagleg grunnlag for å gå vidare. Praksisen i Vestland fylkeskommune er at ein søkar som hovudregel har faglege føresetnader når hen har bestått fellesfag og programfag på Vg1 og Vg2, eller har karakteren 1 i inntil to fellesfag. Dette er òg noverande formulering i dagens §§ 28 og 29. Formuleringa kan vere formålstenleg å ha med vidare, for å presisere når ein søkar til læreplass som lærling normalt har eit tilstrekkeleg fagleg grunnlag. I forslaget §§ 34 og 35 blir det difor først vist til krava i [sentral forskrift § 6A-1](#), før ein viser til standarden for «faglege føresetnader».

Nogjeldande § 30, forslaget § 36, regulerer når lærlingar og lærekandidatar har brukt av ungdomsretten sin. Det står no i forskrifta at lærlingen/lærekandidaten har brukt av retten sin etter 6 månader med opplæring i bedrift. Dette samsvarar ikkje fullt ut med reguleringa i [sentral forskrift § 6-3](#). Det heiter der at søkarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring ikkje bruker av retten sin om opplæringa utgjer 1/3 eller mindre av timetalet frå eit utdanningsprogram eller eit programområde. For lærlingar/lærekandidatar som følger normalmodellen med ei kontraktstid på 24 månader, vil retten

først difor vere brukt etter 8 månader. I forslaget § 36 nr. 1 er det foreslått ei formulering med grunnlag i [sentral forskrift § 6-3](#), før ein i nr. 2 eksemplifiserer korleis dette slår ut for normalmodellen (bruk av rett etter 8 månader).

Det er òg ønskeleg at lokal forskrift regulerer bruk av rett ved einseitig heving etter 1/3 av lære-/opplæringstida, og ved einigheit om heving. Ny § 36 nr. 3 gjeld einseitig heving, og det er foreslått at fylkeskommunen då gjer ei vurdering av om lærlingen/lærekandidaten har brukt av retten sin i samband med vedtaket om heving. Ny § 36 nr. 4 gjeld korleis det same kan skje ved einigheit om heving. Lærlingen/lærekandidaten kan då søke om at hen ikkje har brukt av retten sin. Søknaden må bli grunngitt, og vil bli innvilga dersom det var tungtvegande grunnar for hevinga. Dette er ein rettsleg standard som vil kunne gjelde ulike tilfelle. Justeringane er i tråd med noverande praksis.

Til sist er det foreslått ny § 37 om avviksfag. Dette er fag med eit opplæringsløp der læretida berre inneheld verdiskaping. Formuleringa er vald med grunnlag i tilsvarande regulering i inntaksforskrifta i Viken fylkeskommune. Formålet er å presisere at skulen skal gi tilbod til denne gruppa om å melde seg til fagprøve, dersom dei ikkje har fått tilbod om læreplass innan 1. september. Dette gjeld lærefaga automatiseringsfaget, dataelektronikarfaget og anleggsmaskinmekanikarfaget.

Ikraftsetjing

Det er ønskeleg om ny justert forskrift gjeld frå 1. januar 2024.

Evaluering av inntaksmatrisa

Endringar 16. februar 2023

Inntaksmatrisa vart sist oppdatert 16. februar 2023, i møte for hovudutval for opplæring og kompetanse. Desse endringane vart då gjort, og gjeld ved inntaket til skuleåret 2023/2024:

- Søkarar frå Modalen kommune får inntaksområdepoeng til Voss vgs., Voss gymnas og skulane i Bergen.
- Søkarar frå 6986 Værlandet og 6987 Bulandet får inntaksområdepoeng til Måløy vgs.

Det vart vedtatt at innspela til desse endringane, frå Bulandet/Værlandet Grendalag og Modalen kommune, blir tatt inn som ein del av høyringa. Innspela ligg som vedlegg til høyringsnotatet.

Vurderingar frå evalueringa

Som nemnt innleiingsvis er forslaget å vidareføre gjeldande inntaksmatrise, og fylkeskommunen har ei pågåande evaluering. Det har kome få tilbakemeldingar som tyder på store utfordringar. Det å sette grensene for inntaksområda er ei krevjande øving, der mange omsyn skal ivaretakast. I Vestland er det politisk vedtatt at elevar skal ha moglegheit til å gå på ein skule der dei bur, og at inntaket ikkje skal vere reint karakterbasert. Søkarar skal ha tilgang til både yrkesfaglege- og studieførebuande utdanningsprogram, samstundes som tilbodet ikkje kan vere likt ved dei ulike skulane. Til det er søkargrunnlaget og næringsstrukturen i ulike delar av fylket for ulikt. Samtidig er det ønskeleg med berekraftig forvaltning av ressursar, både når det gjeld klasserom, verkstader og personalressursar. Det har òg vore eit prinsipp at ein skal ta heile fylket i bruk, og oppretthalde tilboda i fylket.

Det er mange unntak frå inntaksmatrisa, mellom anna ei rekke utdanningstilbod. Dersom skulane i inntaksområdet ikkje har ønskt utdanningsprogram, får søkaren inntaksområdepoeng til alle skulane som har tilbodet. I ein modell med inntaksområde, vil det alltid vere område som ser for seg å få tilleggspoeng til fleire eller andre skular enn dei har etter modellen. Her kan det vere utfordrande å finne ei grense, for ein modell som har geografi som utgangspunkt.

For å få inn stemmer frå «brukarane» av inntaksmodellen i evalueringa har rektorar, rådgivarar og elevråd ved dei vidaregåande skulane og ungdomsskulane, samt elevråd og FAU, svart på ei undersøking om korleis dei har opplevd modellen. Resultata viser at fleirtalet av tilsette er fornøgde med formidlinga av ordninga, men at den for fleire elevar og foreldre opplevast som dårleg. Dette gjeld spesielt formidlinga av dei mange unntaka frå inntaksmatrisa.

Svar på spørsmål om korleis inntaksmodellen påverkar elevane sine moglegheiter for å komme inn på utdanninga dei ønsker er overordna blanda. Resultata frå evalueringa tyder på at dei negative konsekvensane av inntaksmodellen opplevast som betrakteleg større i områda der elevar må flytte på hybel på grunn av lang reiseveg og manglande kollektivtilbod. Dette gjeld spesielt inntaksområda HAFS, Sunnfjord og Sogn, og Nordfjord. Innspela peiker på at inntaksmodellen gir søkarar som må på hybel fleire negative konsekvensar enn andre elevar, og mange ønsker seg inntaksområdepoeng til vidaregåande skular med tradisjonelt gode hybelmoglegheiter. Det er fleire tilbakemeldingar liknande innspela frå Bulandet/Værlandet Grendalag og Modalen kommune, med ønsker om utvida tilgang til ein eller fleire vidaregåande skular for søkarar frå enkelte kommunar eller område.

Vestland fylke har ein desentralisert skulestruktur som inntaksmatrisa må støtte opp om, samtidig som søkarar frå ulike delar av fylket ikkje skal få utilsikta negative konsekvensar ved bruk av nærskuleprinsippet. Modellen har allereie mange unntak og særreglar. Basert på skulane sin kapasitet og vidare rekrutteringsgrunnlag, samt varetaking av nærskuleprinsippet, kjem avdelingsdirektøren i evalueringa til å tilrå at det ikkje blir innført vidare endringar basert på dei nemnde ønska. Det blir understreka at evalueringa er pågåande.

Avdelingsdirektøren viser til vedlegga for gjeldande matrise – «Inntaksmatrise per 16. februar 2023».

Forslag til lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass

Kapittel 1. Innleiande føresegn

§ 1. Formål og verkeområde

Denne forskrifta gjeld inntak til alle offentlege vidaregåande skular og formidling av lærlingar, praksisbrevkandidatar og lære kandidatatar i Vestland fylkeskommune. Forskrifta gir utfyllande reglar og kjem i tillegg til forskrift til opplæringslova kapittel 6 og 6A.

Kapittel 2. Inntak

§ 2. Inntak etter inntaksområde

(1) I Vestland fylkeskommune er inntaket geografisk styrt etter inntaksområde. Dette inneber at ein søker får inntaksområdepoeng til sitt inntaksområde, ut ifrå folkeregistrert adresse.

(2) Inntaksområdepoeng blir som hovudregel fordelt etter folkeregistrert adresse. Fylkeskommunen gir utfyllande reglar om kva skular og kommunar som inngår i kva inntaksområde.

(3) Fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar om kva tilbod som ikkje inngår i inntaksområda.

(4) For søkarar til programområde som fylkeskommunen ikkje tilbyr kan fylkeskommunen kjøpe skuleplassar i andre fylke. Dette gjeld berre søkarar med ungdomsrett. Søkarar må ha det aktuelle programområdet som sitt førsteønske.

(5) Søkarar busette i enkelte grenseområde med andre fylke, blir behandla i høve til eigne avtalar mellom fylkeskommunane.

§ 3. Inntak til Vg1

(1) Søkarar må prioritere tre utdanningsprogram ved innsøking til Vg1. Innanfor kvart utdanningsprogram kan det prioriterast inntil seks skular.

(2) Inntaket blir gjennomført med grunnlag i karakterane frå grunnskulen (karakterpoeng), og eventuelle inntaksområdepoeng.

(3) Dersom ein søker eit utdanningsprogram/programområde som det ikkje er tilbod om i sitt inntaksområde, får søkaren inntaksområdepoeng til alle skulane i fylket.

(4) Dersom det er ledige plassar etter at søkarar med inntaksområdepoeng har fått plass, konkurrerer søkarar utan inntaksområdepoeng etter karakterpoeng.

(5) Dersom søkaren ikkje har nok karakterpoeng til å kome inn på nokon av ønska sine, vil søkaren få tilbod om plass ved andre skular som tilbyr dei ønska utdanningsprogramma.

(6) Søkarar som ikkje fører opp tre ulike utdanningsprogram, kan bli plassert på andre utdanningsprogram.

(7) Fylkeskommunen kan ta inn deltidsselevar med ungdomsrett etter at fulltidselevar med ungdomsrett er tatt inn til vidaregåande opplæring.

§ 4. Inntak til Vg2 og Vg3

(1) Søkarar kan prioritere programområde på Vg2 og Vg3 som søkaren er kvalifisert til. Innanfor kvart programområde kan det prioriterast inntil seks skular.

(2) Inntaket blir gjort på bakgrunn av karakterpoeng for kompetansegivande kurs. Ved innsøking til Vg2 blir karakterar frå Vg1 lagt til grunn, og ved innsøking til Vg3 blir karakterar frå Vg2 lagt til grunn.

(3) Søkarar som ikkje har tilstrekkelege karakterpoeng til å kome inn på prioriterte programområde og skular, vil bli vurdert til andre programområde som søkaren er kvalifisert til, men som ikkje er prioritert i søknaden.

§ 5. Oppflytting Vg3 - studieførebuande utdanningsprogram

(1) Søkarar til Vg3 studieførebuande utdanningsprogram har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført, dersom søkaren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg2 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

§ 6. Oppflytting til Vg2 og Vg3 - treårig helse- og oppvekstfag med studiekompetanse

(1) Søkarar til Vg2 treårig helse- og oppvekstfag med studiekompetanse har rett til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført, dersom søkaren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg1 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

(2) Søkarar til Vg3 treårig helse- og oppvekstfag med studiekompetanse har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført, dersom søkaren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg2 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

§ 7. Oppflytting til Vg2 og Vg3 – treårig elektrofag med spesiell studiekompetanse

(1) Søkarar til Vg2 treårig elektrofag med spesiell studiekompetanse har rett til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført, dersom søkaren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg1 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

(2) Søkarar til Vg3 treårig elektrofag med spesiell studiekompetanse har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført, dersom søkaren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg2 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

§ 8. Inntak til Vg1 musikk, dans og drama

(1) Inntil 50 % av plassane i utdanningsprogrammet kan tildelast på grunnlag av ei ferdigheitsprøve (inntaksprøve), i tillegg til karakterpoeng.

(2) Skala for tilleggspoeng blir fastsett av fylkeskommunen. Søkaren får 3 tilleggspoeng om søkaren viser dugleik utover gjennomsnittet. Søkaren får 6 tilleggspoeng om søkaren viser dugleik som vidarekomen og har eit stort potensiale. Søkaren får 9 tilleggspoeng om søkaren viser framifrå dugleik og har eit uvanleg stort potensiale.

(3) Det er berre søkarar som har Vg1 musikk, dans og drama som sitt førsteønske som kan framstille seg til ferdigheitsprøve. Ferdigheitsprøver blir berre arrangert når det er mange søkarar.

§ 9. Inntak til Vg1 idrettsfag

(1) Inntil 50 % av plassane i utdanningsprogrammet kan tildelast på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettslege kriterium), i tillegg til karakterpoeng.

(2) Skala for tilleggspoeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrins/klubb, blir fastsett av fylkeskommunen. Søkarar på regionalt nivå får 3 tilleggspoeng, søkarar på landslagsnivå får 6 tilleggspoeng, og søkarar på internasjonalt nivå får 9 tilleggspoeng.

(3) Søkarar som ønsker tilleggspoeng må sende inn dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane. Dokumentasjonen skal sendast skulen søkaren har som førsteønske.

§ 10. Inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod

Søkarar til landslinjer og landsdekkande tilbod skal registrere søknaden i heimfylket. Søkarar frå heile landet konkurrerer likt ved inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod. Inntaket skjer på grunnlag av karakterpoeng.

§ 11. Inntak til statlege vidaregåande skular

Søkarar frå Vestland kan søke statlege vidaregåande skular på linje med søkarar frå andre fylke. Inntaket blir gjennomført på bakgrunn av karakterpoeng.

§ 12. Inntak til yrkesfaglege utdanningsløp som leier fram til yrkes- og studiekompetanse

Inntaket blir gjort på bakgrunn av intervju i bedrift og karakterpoeng. Søkarar må ha avtale med skulen om læreplass i bedrift og ha tilbodet som sitt førsteønske. Fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar.

§ 13. Permisjon frå vidaregåande opplæring

(1) Elevar som har tatt imot skuleplass, men må seie ifrå seg plassen i løpet av skuleåret pga. t.d. langvarig sjukdom, svangerskap, militærtjeneste eller andre sosiale grunnar, kan søke om permisjon frå vidaregåande opplæring. Ved innvilga permisjon vil elevar med ungdomsrett ikkje bruke av retten til vidaregåande opplæring, jf. forskrift til opplæringslova § 6-3 andre avsnitt. Eleven vil kunne få reservert skuleplassen til året etter ved same skule og tilbod. Eleven må på vanleg måte søke om inntak for etterfølgande skuleår. Det blir tatt atterhald om endringar i tilbodsstrukturen.

(2) Denne føresegna gjeld for offentlege skular og gjeld ikkje for gjesteelevar.

§ 14. Inntak av norske utvekslingslevar

(1) Norske søkarar med ungdomsrett som er utvekslingslevar ved ein skule i utlandet, skal takast inn på individuelt grunnlag.

(2) Fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar.

§ 15. Inntak av deltidselevar til Vg2/Vg3

(1) Elevar som ikkje oppfyller vilkåra i forskrift til opplæringslova §§ 6-28 eller 6-37, kan i særlege tilfelle likevel takast inn som deltidselevar.

(2) Fylkeskommunen tar inn deltidselevar.

(3) Inntak av deltidselevar skjer etter at fulltidselever er tatt inn.

(4) Deltidselevar med ungdomsrett vil bli tatt inn før deltidselevar utan ungdomsrett. Ved ledige plassar kan også søkarar utan ungdomsrett få inntak.

§ 16. Omval og å ta fag på nytt

(1) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde avsnitt og har halvårsvurdering i fellesfag, kan avtale med skulen at dei ikkje vil ta faget på Vg1 på nytt. For å kvalifisere til vitnemål, må dei ta faget på Vg2.

(2) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde avsnitt og har standpunktkarakterar i fellesfag, kan søke om å få faget godkjent etter forskrift til opplæringslova § 1-16 dersom dei vil behalde standpunktkarakteren og ikkje ta faget på nytt.

(3) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde avsnitt og har standpunktkarakter i fellesfag, kan velje å ta faget på nytt, jf. forskrift til opplæringslova § 3-14 femte avsnitt. Tar eleven faget på nytt skal den siste karakteren som er 2 eller betre først på vitnemålet eller kompetansebeviset, jf. forskrift til opplæringslova § 3-44 femte avsnitt. Dersom eleven ombestemmer seg i løpet av skuleåret, må eleven slutte i faget før 1. november for å behalde standpunktkarakteren.

§ 17. Søknadsfrist

(1) Søknadsfristen er 1. februar for søkarar som fell under forskrift til opplæringslova § 6-8 første avsnitt, og 1. mars for elevar som søker seg inn i det ordinære inntaket, jf. forskrift til opplæringslova § 6-8 andre avsnitt.

(2) Søknader frå søkarar med ungdomsrett som kjem inn etter søknadsfristen, vil berre bli behandla i den utstrekning det er mogleg, jf. forskrift til opplæringslova § 6-8 fjerde avsnitt. Det er fylkeskommunen som avgjer dette. I den utstrekning det ikkje er mogleg å behandle søknaden, vil søknaden bli avvist og melding sendt søkaren.

(3) Inntak i samarbeid med oppfølgingstenesta kan skje uavhengig av fristane ovanfor.

§ 18. Flytting

(1) For å bli vurdert for rett til inntak til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune må søkarar i utgangspunktet vere folkeregistrert i fylket innan 1. mars.

(2) Søkarar som ikkje er folkeregistrert per 1. mars, og som planlegg å flytte til Vestland fylkeskommune, kan bli vurdert for inntak om dei dokumenterer at den planlagde flyttinga er reell. Dokumentasjon om planlagd flytting må vere motteke av fylkeskommunen innan 23. juni, og søkaren folkeregistrert ved skulestart. Fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar om krav til dokumentasjon.

(4) Søkarar som omfattast av overeinskomst om nordisk utdanningsfellesskap, treng ikkje vere folkeregistrert i Vestland fylke innan 1. mars. Desse må likevel vere folkeregistrert ved skulestart.

§ 19. Bruk av retten til vidaregåande opplæring

(1) Søkarar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring (ungdomsrett) brukar ikkje av retten dersom opplæringa utgjer 1/3 eller mindre av timetalet frå eit utdanningsprogram eller programområde, jf. forskrift til opplæringslova § 6-3.

(2) Elevar (fulltidselevar) brukar uansett ikkje av retten dersom eleven sluttar før 1. november. Elevar (fulltidselevar) som sluttar etter 1. november har heller ikkje brukt av retten dersom omfanget av fráværet gjer at opplæringa har utgjort 1/3 eller mindre av timetalet, jf. § 19 nr. 1.

(3) Elevar som går over frå grunnkompetanse til full kompetanse kan etter søknad få utvida retten til vidaregåande opplæring med inntil to år.

§ 20. Frammøte første skuledag

(1) Elevar må møte på skulen første skuledag.

(2) Dersom ein elev blir borte frå skulen første skuledag utan gyldig grunn, mister eleven skuleplassen.

(3) Ved sjukdom eller andre tvingande grunnar pliktar eleven å gi beskjed til skulen snarast mogleg og seinast innan oppmøtetidspunkt første skuledag om at vedkommande ikkje kan møte. Fráværet må dokumenterast.

§ 21. Rektor sin rett til inntak av elevar

(1) Rektor har ikkje rett til å ta inn elevar før det sentrale inntaksarbeidet er avslutta, eller at dette på annan måte er delegert.

(2) Etter at det sentrale inntaksarbeidet er avslutta blir ansvaret for vidare inntak delegert til rektor. Rektor skal følge ventelistene som er utarbeidd sentralt fram til utgangen av august. Frå 1. september blir inntaket rekna som avslutta.

(3) Når alle søkarar med ungdomsrett på venteliste har fått tilbod om skuleplass, kan rektor gi tilbod til søkarar etter følgande prioritering:

1. Søkarar med ungdomsrett som ikkje står på venteliste
2. Søkarar med vaksenrett som står på venteliste
3. Søkarar med vaksenrett som ikkje står på venteliste
4. Søkarar med fullføringsrett som står på venteliste
5. Søkarar med fullføringsrett som ikkje står på venteliste
6. Søkarar utan rett som er busett i Vestland fylke kan takast inn etter alle søkarar med rett til utdanning har fått tilbod, og det framleis er ledige plassar.

§ 22. Inntak av søkarar busette i andre fylke – gjesteelevar

Inntaket av søkarar med ungdomsrett busette i andre fylke (gjesteelevar) følger forskrift til opplæringslova § 6-4. Fylkeskommunen skal gi tilbod ved ledig kapasitet, jf. opplæringslova § 13-3 andre avsnitt, etter at søkarar busette i Vestland fylkeskommune er prioritert.

§ 23. Vilkår for inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB)

(1) Vilkår for inntak til pre-IB er at søkaren har fullført norsk grunnskule eller tilsvarande. Sjå forskrift til opplæringslova § 6-13 for kva som kan reknast som tilsvarande og korleis det kan dokumenterast.

(2) Søkaren bør minst ha karakteren 4 i matematikk og engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5. Søkaren bør òg ha tilstrekkeleg norskkompetanse til å kunne følge undervisninga.

§ 24. Rekkefølge ved inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB)

Dersom det melder seg fleire søkarar enn det er plassar, fordelast plassane etter poengsum utrekna på grunnlag av forskrift til opplæringslova § 6-21. Karakterar frå andre utdanningssystem med annan karakterskala blir rekna om etter ei lineær omrekning, der karakterane frå andre utdanningssystem blir vekta mot norsk karakterskala.

Kapittel 3. Inntak til IB

§ 25. Inntak til IB Diploma Programme (IB) – 2IB

(1) Vilkår for inntak til 2IB er at søkaren har bestått Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB), Vg1 studiespesialiserande, MYP 5/Grade 10 frå IB eller tilsvarande. Søkaren må ha minimum 10 års skulegang og ikkje allereie ha fullført vidaregåande opplæring.

(2) For å kvalifisere til inntak bør søkaren ha minst karakteren 4 i matematikk og 5 i engelsk. Søkaren må i tillegg ha gjennomsnittskarakter på minst 4.

(3) Søkaren kan bli bedd om å ta ein opptaksprøve eller stille til intervju om det er uklart at søkaren er kvalifisert.

(4) Dersom det er fleire kvalifiserte søkarar enn plassar, konkurrerer søkarane etter karakterpoeng. Karakterar frå andre utdanningssystem med annan karakterskala blir rekna om etter ei lineær omrekning, der karakterane frå andre utdanningssystem blir vekta mot norsk karakterskala.

§ 26. Inntak til IB Diploma Programme (IB) – 3IB

(1) Vilkår for inntak til 3IB er at søkaren har bestått 2IB med minimum 20 poeng.

(2) Inntak av søkarar frå andre IB-tilbod («transfer students») blir vurdert individuelt. Karakternivå og fagsamansetning er sentrale moment.

(3) Dersom det er fleire kvalifiserte søkarar enn plassar, konkurrerer søkarane etter poeng frå 2IB. Kvalifiserte søkarar som har fullført 2IB i Vestland fylkeskommune, kjem føre andre søkarar.

§ 27. Søknadsfrist, prosess og flytting

(1) Søknadsfristen er 1. mars, og søkarar må i utgangspunktet då vere folkeregistrert i Vestland.

(2) Søkarar som flyttar til Vestland etter 1. mars saman med føresette, kan òg søke. Skuleplassen vil ikkje vere sikra før søkaren har dokumentert at hen har flytta til fylket saman med føresette. Dette gjeld både søkarar busette i andre fylke og i andre land.

(3) Søknad sendast gjennom VIGO. Søkarar som ikkje kan søke gjennom VIGO, nyttar eget søknadsskjema frå skulen.

(4) Fylkeskommunen kan gi utfyllande retningslinjer om inntaksprosess og vilkår for inntak.

Kapittel 4. Inntak til vidaregåande opplæring for vaksne

§ 28. Søknadsprosess

Det er ikkje søknadsfrist for inntaket. Søkaren bør likevel registrere søknaden innan 1. mars for tilbod med oppstart i august, og innan 1. november for tilbod med oppstart i januar.

§ 29. Inntaksrekkefølge

Om det er knapt om plassar, følger inntaksrekkefølga forskrift til opplæringslova § 6-49. Innanfor kvar kategori blir søkarar prioritert etter dato for når søknaden var klar til sluttbehandling.

§ 30. Permisjon

Deltakarar som må seie ifrå seg plassen i løpet av skuleåret, t.d. pga. langvarig sjukdom, svangerskap, militærtjeneste eller andre sosiale grunnar, kan søke om permisjon. Deltakaren vil kunne få reservert skuleplassen til året etter ved same skule og tilbod. Det blir tatt atterhald om endringar i tilbodsstrukturen.

Kapittel 5. Tilbod om spissa toppidrett

§ 31. Tilbod om spissa toppidrett i samarbeid med Olympiatoppen Vest (OLTV) – prosess

(1) Inntaket blir gjennomført på ordinær måte, ved at søkaren konkurrerer seg inn på utdanningsprogrammet ved ønskt skule. Søkaren må ha den aktuelle skulen som førsteønske. I søknaden om skuleplass må det kome fram at ein søker spissa toppidrett. Søkaren fyller òg ut eige søknadsskjema og sender til OLTV innan 1. mars.

(2) OLTV vurderer dei idrettsfaglege prestasjonane til søkarane i samsvar med fylkeskommunale retningslinjer. OLTV gir ei anbefaling om kvalifiserte søkarar.

(3) Fylkeskommunen avgjer kven som får tilbod om spissa toppidrett, forutsett at søkaren får skuleplass ved skulen.

§ 32. Omprioritering av søknad

Søkarar som ikkje får tilbod om spissa toppidrett får moglegheit til å omprioritere søknaden om skuleplass.

Kapittel 6. Formidling

§ 33. Søknad om formidling til læreplass

(1) Fristen for å søke formidling til læreplass er 1. februar for lærekandidatar og 1. mars for lærlingar, jf. forskrift til opplæringslova § 6A-4.

(2) Søknader frå søkarar med ungdomsrett vil etter søknadsfristen bli behandla manuelt så langt råd er. Søknaden skal grunngivast. I den utstrekning det ikkje er mogleg å behandle søknaden, vil søknaden bli avvist og melding sendt søker.

(3) Søknader frå søkarar utan rett blir ikkje behandla av fylkeskommunen etter søknadsfristen. Søkeren skal ha skriftleg melding om å kontakte aktuelle bedrifter direkte.

§ 34. Formidling

(1) Alle søkarar blir formidla til lærebedrifter når søknadsfristen har gått ut. Etter 1. august blir søkarar som ikkje har ungdomsrett og søkarar med ungdomsrett som ikkje er kvalifiserte, tatt ut av formidlingslistene.

(2) For å vere kvalifisert må søkarar oppfylle vilkåra i forskrift til opplæringslova § 6A-1 tredje eller fjerde avsnitt. Søkarar til læreplass som lærling har normalt faglege føresetnader for inntak til neste trinn når fellesfaga og programfaga på Vg1 og Vg2 er bestått, eller søkeren har karakteren 1 i inntil to fellesfag.

§ 35. Alternativ sluttopplæring Vg3 i skule

(1) Søkarar som ikkje har fått læreplass innan 1. september vil få tilbod om Vg3 i skule. Tilbod om Vg3 i skule blir gitt i eit fag på Vg3 som bygger på det programområdet på Vg2 som søkeren har gjennomført. Søkeren må vere kvalifisert i samsvar med § 34 nr. 2.

(2) Søkarar som har takka nei til tilbod om læreplass, har ikkje rett til tilbod om alternativ sluttopplæring Vg3 i skule.

§ 36. Bruk av retten til vidaregåande opplæring

(1) Lærlingar og lærekandidatar bruker ikkje av retten dersom opplæringa utgjer 1/3 eller mindre av timetalet frå eit utdanningsprogram eller eit programområde, jf. forskrift til opplæringslova § 6-3.

(2) Som hovudregel (2+2-modellen) har ikkje lærlingar og lærekandidatar brukt av retten dersom dei sluttar innan 8 månader etter at lærekontrakt/opplæringskontrakt er inngått.

(3) Ved einssidig heving etter 1/3 av lære-/opplæringstida gjer fylkeskommunen ei vurdering av bruk av rett i samband med vedtaket om heving.

(4) Ved einigheit om heving etter 1/3 av lære-/opplæringstida, kan lærlingen/lærekandidaten søke om at hen ikkje har brukt av retten. Søknaden må grunngivast og innvilgast ved tungtvegande grunnar.

§ 37. Avviksfag – fag med opplæringsløp der læretida berre inneheld verdiskaping

Søkarar med opplæringsrett til læreplass i lærefag som berre inneheld verdiskaping, og som ikkje får tilbod om læreplass innan 1. september, skal få tilbod om å meldast opp til fagprøve av skulen. Dette gjeld lærefaga automatiseringsfaget, dataelektronikarfaget og anleggsmaskinmekanikarfaget.

Kapittel 7. Felles føresegner

§ 38. Mindre endringar i forskrifta

(1) Fylkesdirektøren har rett til å gjennomføre mindre endringar i forskrifta.

(2) Dersom endringane er av ein slik art at dei påverkar elevane sine vilkår for inntak til bestemte tilbod, skal likevel endringane behandlast politisk.

§ 39. Delegering av ansvar

Fylkesdirektøren har mynde til å delegere ansvar i denne forskrifta.

§ 40. Ikraftsetjing

Forskrifta tar til å gjelde 1. januar 2021. Samtidig blir forskrift 23. mai 2019 nr. 2152 om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Vestland fylkeskommune oppheva.

